


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

September 1994

48. årg.



Altartavla i Fyllingsdalen Kyrkje (Foto: Eli Kringlebotten)

Di tyngre kross, di betre bøner
frå nedbøyt hjarta stiga kan,
og Herrens nåde rikleg løner
den sjel som gjev seg i hans hand.
Høyr, Davids harpe fagrast song
når han var stadd i største trong!

Lat meg med deg, min Frelsar, leva,
så krossen rett vert kjær for meg!
Din gode Ande meg må gjeva
den tru som kviler trygt i deg,
til min utløysings-time går
og eg for kross mi krone får.

(Benjamin Schmolck o/Bernt Støylen)



Åslaug Høyland (Foto: Hanne Valen)

Åslaug Høyland: SELVRESPEKT ER VIKTIG I EKTESKAPET

Vi fortsetter å sakse fra en artikkel i «Utsyn». Første artikkel stod i forrige nummer.

Åslaug Høyland tror at et av de største problemene for et ektepar i dag er ektefellens mangel på selvaktelse.

-Dersom et menneske har liten selvrespekt, har det ofte også liten respekt for sin ektefelle. Når vi har liten selvaktelse, søker vi nemlig hele tiden å få bekreftet vår selvfølelse fra ektefellen. Ting som blir sagt eller ikke sagt, gjort eller ikke gjort, blir tolket som tegn på om ektefellen synes en er som en skulle.

Derfor tenker jeg slik: Hver ektefelle har ansvar for egen utvikling. Vi skylder vår ektefelle å bli bedre kjent med oss selv og være ærlige på det, slik at vi åpent kan si hvordan vi har det. Vi kan ikke kreve at en ektefelle eller andre skal lese våre tanker. Det er et urealistisk krav. Vi må uttrykke våre ønsker og behov. Vi må kunne si: Nå er jeg lei meg, nå trenger jeg noe fra deg.

Når jeg er trygg på meg selv, lar jeg også min ektefelle få lov til å være seg selv. Da bruker jeg ikke tid og krefter på å for andre ham, men respekterer ham som han er. Mange ektefeller sitter fast og har problemer akkurat her, fordi de nettopp vil forandre den andre, mer enn de vil forandre seg selv.

De har det vondt

-Hvis vi ser eller hører at vennene våre sliter i ekteskapet sitt, da kan vi i alle fall være sikre på at de har det vondt. Vi vet ikke årsaker eller skyld. Det eneste vi vet med sikkerhet er at de har det vondt, og at de trenger noen som er gode mot dem. Det kan være oppmerksomhet, omsorg eller en invitasjon, eller noe annet. Kjenner vi dem godt, kan vi gi uttrykk for at vi tenker på dem, og -vi kan spørre om vi kan gjøre noe for dem. Men kanskje er handling bedre. Ord kan være vanskelige. Det er heller ikke sikkert at våre venner ønsker å slippe andre inn i sine problemer, og da skal vi respektere det.

-Og om en selv skulle få problemer?

-Erkjenn det, og søk hjelp. Det er lov til å slite. Alle gjør det til tider.

(Frå Utsyn v/ Aud og Asbjørn Kvalbein)



KVEN ER JESUS?

av Jan Opsal

Det blir skrive om Jesus som aldri før. I bokhylla mi står bøker som «Jesus, a Prophet of Islam», «The hidden Christ og Hinduism» og «The Aquarian Gospel of Jesus the Christ». Slik gjer både islam, hinduisme og New Age krav på å ha Jesus på si side.

Blant folk flest spenner vel ikkje oppfatningane så vidt. Ei undersøkjing av kven Jesus er, ville gje mange ulike svar. Nokre set Jesus høgt som morallærar, men vil ikkje vita av forsoninga då in døydde på krossen. Andre meiner at Jesus sto bak historia sitt mest vellukka bedrageri og skriv bøker som «Kor mannen frå Nasaret tok feil». Andre igjen ser på Jesus som idealisten som blei misforstått og misbrukt av tilhengjarane sine som danna ein ny verdsreligion.

Spørsmåla var brennande òg på Jesu eigen tid. «Kven seier folk at eg er?» er Jesu spørsmål til disiplane, og han får ei lang rekkje svar på det spørsmålet. Elia, Moses, eller Jeremia er berre nokre av forslaga folk hadde.

Sjølv for disiplane som levde saman med Jesus dag og natt i fleire år, tok det lang tid før dei skjønna kven han var. Hjå fleire av evangelistane ser vi spørsmålet dirre: «Kven er Jesus?»

Jesus sjølv handla ofte på ein måte som for jødane berre var lov for den Allmechtige åleine. Han talte i Bergpreika med sin eigen autoritet, han lækte spedalske, rådde over naturkreftene, vekte opp døde og tilgav synd. Det siste rekna Jødane som reint blasfemi, for Gud åleine kan tilgje synd (Markus 2).

Her er det hemmelegdomen ligg. Jesus handla slik han gjorde nettopp fordi han var, og er Gud. Han kom til jorda for å gjera det mogeleg for menneske som syndar å få høyra desse orda: «Dine synder er tilgjevne». Dette kunne berre skje dersom Gud sjølv sprengde grensa mellom det guddomelege og det skapte.

Ein tidlegare muslim skal få siste ordet og fortelje om sitt møte med Jesus. «Eg fekk sjå det sanne biletet av meg sjølv, at eg var ein syndar», fortel han. «Men det var eit anna bilete òg, bilete av han som seier: «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvile. Difor skal du ikkje vera sorgsam, kven du enn er. Gud er blitt menneske på grunn av deg, og han driv på og leitar etter deg.»



© Tegning: Oscar Jansen
Kirkens Informasjonstjeneste

SØNDAGSSKULENS DAG

Søndag 11. september vert det Søndagsskulens Dag i Bergsdalen kyrkje på Lid. Det heile tek til med gudsteneste kl. 11. Etter gudstenesta vert det matøkt og program om ettermiddagen.

Kvar enkelt tek med seg mat. Drikka vert å få kjøpa.

Så den dagen bør søndagsskuleborn og vaksne frå heile Vaksdal kommune ta turen til Bergsdalen. Det er Vaksdal Søndagsskulelag saman med Bergsdalen Søndagsskule som står som tilskiparar.

LEIRAR

Ungdomsleir på FAGERTUN 11. - 13. Nov.
Frå 7. klasse og oppover

Nyttårsleir på Fagertun 29des. - 1. jan.

For informasjon om pris og påmelding ring kontoret i Bergen tlf. 55 31 65 06.

NORGES SAMEMISJON

FOR TRAVELT

Profesjonell annsemd kan vera ein måte å unngå Gud på, meininga med livet og sjølv livet.

(Sidney S. Macaulay)



Søndagsskuleborna på Stanghelle gled seg også til søndagsskulens Dag og søndagsskulestart

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

230.000 ATT- GLØYMDE BORN

Fagfolk reknar med at så mange som 230.000 born lir under rusproblem i den næraste familien sin. I kvar einaste skuleklasse finst det slike born.

I ei ny bok kalla «De glemte barna» (Ad Notam Gyldendal) vert denne situasjonen teken opp til drøfting. Ein finn glimt frå borna sin kvardag, det vert gitt råd til førskulelærarar, lærarar og andre om kva symptom dei skal sjå etter for å bli merksame på born som lir. Boka rettleier også om korleis ein kan hjelpa.

-Rusproblem er meir vanlege enn dei fleste av oss er klare over, seier redaktør for boka, psykolog Frid A. Hansen.

(KPK)

To av tre vil ha kristendomsundervisning

59% av det norske folk vil framleis ha kristendomsundervisning i grunnskulen, medan 32% ønskjer å byta ut kristendomsfaget med eit livssynsfag. Det syner ei meningsmåling som Opinion A/S har gjort for Folkets Framtid.

-Ei gledeleg stadfesting av at eit klart fleirtal ønskjer å gi vidare til neste generasjon det verdigrunnlaget som vi har bygt på i 1000 år, seier leiar i kyrkje- utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget, Jon Lilletun.

(KPK)

HARDT FOR KRISTNE I KINA

Kina har strama inn på den religiøse verksemda i landet ved å informera om lover som gjeld for slik aktivitet. I fylgje Chinese Legal Daily for 6. februar, gjeld fylgjande: Religiøse menneske har ikkje lov til å evangelisera eller be om almisser utanom templa sine. Dei som etablerer stader for religiøs verksemd, må la seg registrera. Det

forbode å innføra religiøse trykksaker som er skadeleg for kinesiske interesser. Åpne Dører i Noreg fortel at ein kristen, Zheng Musheng, vart torturert til døde etter at han og 20 andre kristne vart arresterte 5. januar. Familiemedlemer fekk sjå kroppen hans som var full av knivstikk, og dei seier at det er styresmaktene som står attom drapet. Under obduksjonen vart indre organ fjerna. Dette vart gjort for at dei skulle vera «sikre» på at mannen som trudde på Jesus og oppstoda frå dei døde, ikkje skulle stå opp att.

(KPK)



Gud sender aldri nokon tomhendt bort – unntatt han som er fylt av seg sjølv.

(KPK)

BERGSDALSSTEMNE

Søndag 14. august var folk frå fleire stadar i Vaksdal kommune samla til Bergsdalsstemne i Lid Kyrkje. Veret var ikkje det aller beste, men det sette ikkje nokon dempar på stemnet. Først var det gudsteneste ved Kjell Arne Norum. Etter gudstenesta var det matøkt før me hadde leiking borte ved skulen. Om ettermiddagen viste Odd og Reidun L. Dyvik ljusbilete frå Hong Kong og fortalde frå arbeidet sitt der ute.

2 søner

I preika tok Norum utgangspunkt i Matt. 21, 28-31, der det står om 2 søner som fekk spørsmål av faren om å gå i vingarden å arbeida. Den første sa nei, men angra seg og gjekk. Den andre sa ja, men gjekk ikkje. -Det hjelper ikkje å seia ja men ikkje gjera det, sa Norum. Norum sa at Jesus nok tenkte på overprestane og dei skriftlærde i denne likninga. Dei sa at dei tente Gud, men viste det ikkje i sitt daglege liv. -Det er ikkje nok å vera med i ein forening eller gå i kyrkja, men ikkje seia ja til Jesus, sa Norum. Han sa at døra til Himmelen står vidopen for dei som først seier nei, men sidan angrar seg.

Ludvig

I preika tok Norum eit døme i livet til Ludvig Karlsen som var langt nede grunna alkohol og eit hardt liv. Han hadde det ikkje lett, men fekk møta ein person som sa ja, og fekk han med seg på møte slik at han fekk omvenda seg til Jesus. Seinare gjekk Ludvig Karlsen gjennom byen og fekk sjå ein av sine gamle kameratar. Først var han redd at kameraten skulle sjå han slik han var dressa opp, og gjekk forbi. Men han fekk ikkje fred og gjekk tilbake. Dette resulterte i at kameraten vart ein kristen. Sidan har Ludvig Karlsen og kona Lise bygt opp Evangeliesenteret spesielt mynta på personar som er komen skeivt ut i livet.

-Når me ser oss rundt ser me at det er trong for oss, sa Norum. Jesus ventar at me går.

Ettermiddagsmøte

På ettermiddagsmøtet fekk me vera med på ei ljusbilereis til Hong Kong. Odd Dyvik sa at Hong Kong er ein Britisk kronkoloni som skal

tilbake til Kina i 1997. Hong Kong er omlag halvparten så stort som Vestfold, men har 6 millionar innbyggjarar. Så folk bur heller tett i høgbygg. Hong Kong ligg på ei av mange øyar i dette området. Dessutan er det masse høge fjell. Flyplassen ligg midt i byen. Omlag 10% av innbyggjarane er kristne og dei er delt omlag likt på katolikkar og protestantar.

Naturen i Hong Kong er grøn og frodig med mange fine krypdyr. Turområda er rikelege og fine når ein ser bort frå krypdyra.

Barnehage - skule

I barnehagen og skulen gjekk dei i unifor. Barnehagen kunne ha klassar på opptil 30 elevar med ein lærar, men det var ikkje disiplinærproblem. Ikkje alle foreldra hadde kristen bakgrunn, men vart trekte med i arbeidet på ein postiviv måte. Det er NMS som driv barnehagen. NMS har også vore med å utdanna prestar med 60-80 elevar kvar gong. Omlag 3 år går dei på skule.

Håpets Havn

Håpets Havn er mellom anna Annie Skau Berntsen sitt verk. Først var det reint sjukehus, men nå har det ein litt anna funksjon. Nå er det mange eldre som kan få leva der dei siste levedagane sine under god og omsorgsfull pleie.

Flyktningeleir

Til sist tok Dyvik oss med til ein flyktningeleir. Tidlegare var det opp mot 500.000 flyktingar, nå var det att omlag 40-50.000 fordelt på 2-3 leirar. Det var strengt vaktthald og Dyvik sa at dei måtte gjennom 5 krontrullpostar når dei skulle inn.

Flyktningefamiliane bur i blekkskur med paller til golv og dei bur 3 i høgda. Dei hadde lite å gjera om dagane, det var nesten berre å vaska kledda sine. Dei fekk mat 3 gonger om dagen og kunne spe med eigen mat dersom dei hadde pengar å kjøpa for.

-Arbeidet vårt var å trøysta og snakka med dei. Me kjøpte også med småting som såpe eller liknande, sa Dyvik, som sa at det var eit gjevande arbeid trass i den meiningslause situasjonen for mange.

(R.K.)



Nokre av deltakarane på Bergsdalsstemnet

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Sokneprest Frode Kvamsøe i full trening før styltetevlinga på Bergsdalsstemnet (Foto: Jan Egil Dyvik (Hordaland))

BARNESIDE

VITS

Ein predikant frå Frikyrkja skulle tala på ein aldersheim. Forsamlinga som sat i daglegstova såg temmeleg bortreist ut. Det var ikkje særleg inspirerende å tala til ei så senil forsamling. Men ein av tilhøyrarane følgde godt med, så predikanten festa blikket på han og gav han det beste han hadde.

Etterpå helsa predikanten på tilhøyrarane og takka spesielt denne fordi han hadde fylgt så godt med.

«Ja, eg må jo det. Du forstår, eg er bror til Martin Luther!»

HVIS VI KOM

Hvis vi kom tilbake
hver dag
slik barn kommer hjem
med jordbærstrå
barbent
og tre løvetannstilker
knust i varme moldnever
ville iallfall noe
vært annerledes
eller noen

(Frå samlinga Hei Gud av Svein Woje)



NÅR ORD ØYDELEGG

Abigail van Buren skreiv ein gong om ei kvinne som lydte på medan ei mor skjelte ut barnet sitt slik at det praktisk tala vart verbalt øydelagt. Kvinna sa til mora: «Eg kjøper guten din for ein dollar!». Først då gjekk det opp for mora kvar barnet hennar eigentleg var verd.

(R.J. Thesmann)

ADAMS DA

EIT STJERNE-
SKOT! LAT OSS
ØNSKJE OSS NOKO.



EG ØNSKJER MEG
EIT NYTT VIDEOPEL
OG ALT DET SNOPE
EG KAN ETE!



OG EG ØNSKJER
AT ALLE SKAPNINGAR
PÅ JORDA FÅR
OPPLEVE GUDS
KJERLEIK OG
TILGIVING.



DU VEIT
KORLEIS DU
SKAL FÅ EIN
FYR TIL Å
KJENNE SEG
SIMPEL!



© Joel Kaufmann / Moses Media, Oslo

Nå er boken kommet.

”Men gleden er et annet sted” avslører shopping-kulturens utarming av livet: Forbruksjaget gir oss nervepiller i stedet for nærhet.

Den byr oss tusen tidsbesparende dingser, men gir oss stress med på kjøpet.

Den gir oss en global McDonald's-kultur, i stedet for kulturenes mangfold.

Og aller verst: Den driver oss bort fra det ene nødvendige - Gud - og går som en frost gjennom kirke og kristenliv.

”Men gleden er et annet sted” inviterer deg til å søke hjemover igjen.

Boken er et verktøy til oppbrudd - personlig og politisk.

En bok for deg som søker frodighet og tros glede fremfor tykkere lommebok.

Boken er et personlig debattinnlegg i kjølvannet av Bispemøtets uttalelse om konsumkulturens høsten 1992. Den er utstyrt med et godkjent opplegg for studie- og samtalegrupper.

Utgitt av Kirkens Nødhjelp, i samarbeid med Kirkens U-landsinformasjon og Frikirkerådets U-landsinformasjon. Kr. 165,-

Kjøpes i bokhandelen eller hos Kirkens Nødhjelp, tlf.: 22 22 22 99.



BESTILLINGSKUPONG

Jeg bestiller ”Men gleden er et annet sted”. Boken blir sendt meg i postoppkrav. I tillegg til prisen for boken kr 165,- kommer frakt og porto. KRYSS av og fyll ut:

Antall bøker

Navn: _____

Adresse: _____

Postnr./sted: _____

Kupongen sendes til Kirkens Nødhjelp, Postboks 4544 Torshov, 0404 Oslo

NY SOKNEPREST

Så er han omsider komen den nye soknepresten i Vaksdal kommune. Frode Kvamsøe kom hit i sommar frå Måsøy i Hammerfest prosti.

-Kva tid tok du til i stillinga?

-Eg starta opp 10. august og er altså heilt ny i denne stillinga.

-Har du funne deg godt til rette i Vaksdal?

-Ja, det har eg. 16. august var eg mellom anna ein tur til Eksingdalen. Det var ei naturoppleving av dei skjeldne, og eg fekk mellom anna høve til å plukka blåber, seier Kvamsøe.

Med seg på flyttelasset har han kona Kristi og borna Kristian 3 år og Håkon 1 år.

Me ynskjer alle fire hjarteleg velkomen mellom oss og trur det skal gå fint.

28. august var det innsetjingsgudsteneste i Dale kyrkje med fest på Stanghelle Bedehus etter på. Det vil me koma attende til i neste nummer.

(R.K.)

Gjev oss i dag vårt daglege brød

Når eg er svolten
gjev meg mat
når eg græt
gjev meg ein klem
når eg frys
gjev meg eit teppe
når eg er tørst
gjev meg eit glas vatn

no deler vi brødet
som du har gjeve oss
så alle kan få

i dag er i dag
Gud
ver hos oss
denne dagen

(Frå samlinga «Fader Vår» av
Oskar Stein Bjørlykke)

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende
innan 23. september 1994.

Bladet kjem ut i veke 42 som byrjar
med 17. oktober.
Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest
Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.
Res. kap. Kjell Arne Norum
tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf.: 945 02992.
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag og
torsdag kl. 9-13.
HUGS, måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60.-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

SLEKTERS GANG

Døypte

DALE

05.06 Marit Hvidsten
17.07 Hanne Mehus Lie
17.07 Arnt Olav Terjesen
31.07 Olav Ragnvaldsen
31.07 Karoline Henriksen Geitle
14.08 Even Stavenes Tveiterås
14.08 Espen Nottveit

BERGSDALEN

26.06 Åshild Fagerbakke Fosse
26.06 Guro Systad Rødland
08.08 Maria Pettersen


STAMNES

26.06 Tonje Lilletvedt Nybrot, døypt i Strandvik
kyrkje

24.07 Ove Jonny Høiness Ulevik

EKSINGEDALEN

31.07 Einar Trefall



Vigde


DALE

02.07 Britt Brudvik og Knut Hallvard
i Sanddal

02.07 Randi Takvam og Vidar Leirdal, vigde i
Stedje kyrkje i Sogndal

BERGSDALEN

06.08 Geir Mykkeltvedt og Hege Ellefsen



Avlidne

DALE

05.06 Anna Haugland f. 1905




23.06 Bertha Danielsen f. 1899
28.07 Margit Pettersen f. 1916
08.08 Hildborg Marie Haug f. 1906
08.08 Bergljot von Mehren f. 1914

STAMNES

01.06 Gurine Stamnes f. 1912
08.07 David Bukkestein f. 1934
09.07 Sverre Steinsland f. 1909

VAKSDAL

16.06 Kristian Hausvik f. 1946
28.07 Olaf Rasmussen f. 1923



HELGA HAUGERUD · 85

VELKOMEN TIL KYRKJE



11. Sept. - 16. søndag etter pinse

BERGSDALEN kl. 11.

N.A. Lavik og Norum. Søndagsskulens dag.

Konfirmantpres. Offer til Bergen

Søndagsskulekrets.

STAMNES kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd.

Dale kl. 18.

Kvamsøe. Konfirmantpresent. Offer til Fagertun.

18. Sept. - 17. søndag etter pinse

VAKSDAL kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den norske Santalmisjon.

25. Sept. - 18. søndag etter pinse

DALE kl. 11.

NLA. Arve Brunvoll. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi

NESHEIM kl. 11.

NLA. Norum og Asbjørn Tveiten. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

STAMNES kl. 17.

NLA. Arve Brunvoll. Offer til Norsk Lærarakademi.

2. Oktober - 19. søndag etter pinse

VAKSDAL kl. 11.

Norum. Nattverd. 50-års konfirmantar.

EIDSLAND kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL kl. 19.

Konsert

9. Oktober - 20. søndag etter pinse

DALE kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd. 50- og 60-årskonfirmantar.

STAMNES kl. 17.

Fam.gudst. Norum. BARNAS KYRKJEBOK til 4-åringar. Offer til Speidarane/Bergen Søndagsskulekrets.

16. Oktober - 21. søndag etter pinse

BERGSDALEN kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Nordhordland Indremisjon.

EKSINGEDALEN kl. 11.

Norum. Offer til Stiftelsen Kirkens Sosialtjeneste.

VAKSDAL kl. 17

Fam.gudst. Kvamsøe. BARNAS KYRKJEBOK til 4-åringar.



KIRKENS SOS

Senter for samtale over telefon søker medarbeidere til dag, kvelds og nattevakt. Du må være over 22 år, kristen og lojal mot Den Norske Kirke.

Ring 55 32 58 45 ma.-fre. på dagtid for nærmere opplysninger. Tjenesten er ulønnet.

**Tankevekkende
Engasjerende
Nyansert
Oppmuntrande**

BESTILL MEDMENNESKE
GRATIS I ETT ÅR.
- MAGASIN OM
UTFORDRINGAR OG
MULIGHETER I
DEN TREDJE VERDA

Ring:
22 22 22 99



KIRKENS
NØDHJELP